

Fra: ARKHAUS alex@arkhaus.no 
Emne: Fwd: Søknad om tiltak - Skansen toalettanlegg.
Dato: 10. september 2021 kl. 12:10
Til: Håkon Rønbeck Hakon.Ronbeck@hammerfest.kommune.no
Kopi: Gunnar Røe Gunnar.Roe@hammerfest.kommune.no

A

Hallo

Peiker på min epost 7.september til Gunnar Røe, med kopi til deg.

Situasjonen er fylgjande: ARKHAUS har de facto fått oppdrag på å gjennomføre *rammesøknaden* i det omtalte prosjektet. Dette kan dokumenterast. Etter informasjon frå Gunnar på oppstartsmøtet skulle entreprenøren ta over søknadsprosessen etterpå og søkje om IG. Dette stadfester han i sin epost av 7 .september:

"Det er en vanlig prosedyre at totalentreprenøren overtar vider søknad på IG i sådanne jobber."

Ut frå denne situasjonen er det **naudsynleg** at ARKHAUS for mogelegheit til å ferdigstille oppdraget og sende ut søknaden om *ramme*, for at entreprenøren på eit seinare tidspunkt kan søkje om IG.

I dialogen nedanfor kjem det fram at Finnmark Byggtjeneste AS har fått oppdrag på å søkje om godkjenning i kommunen i "1 trinn". Dette inneber at dei òg fekk oppdrag på å søkje om *ramme* - som ARKHAUS hadde fått oppdrag på før. Resultatet sjåast som brot av avtala gjennom Hammerfest kommune.

I dette sambandet har eg tidlegare varsla om at eg ikkje vil akseptere eit tap for ARKHAUS, som vil oppstå når eit anna firma skal utføre oppdraget i standen for, utan at avtala gjennom kommunen og ARKHAUS vart sagt opp gjensidig (som ikkje har skjedd) Eg har òg fleire gongar prøvd å kome dykk i møte ved å invitere til ei samtale for å finne ei minneleg løysing, utan å ha fått respons på forslaget.

Konklusjonen er at eg på vegene av ARKHAUS vil kome til å klage mot måten ARKHAUS vart teke ifrå oppdraget, og krevje erstatning av tapet. Den einaste måten å unngå dette er å kome med eit forlag til kompensasjon av tapet så raskt som råd.

For orden si skuld setjast det svarfrist i denne saka til onsdag 15.september 2021.

PS: For ikkje å forstyrre søknadsprosessen vidare vil eg sjølv sagt levere dei i dialogen nedanfor omtalte dokument.

- venleg helsing

alexander kupz
arkitekt MNAL
dipl.ing.architektur



arkhaus_logo.png

[Laster ned...](#)
alex@arkhaus.no